



OPSANGERVÅGEN KYSTLAG  
Sundsvegen 10  
5450 SUNDE I SUNNHORDLAND

Dato: 04.09.2018  
Vår ref.: 2017/14816-90  
Saksbehandlar: roaland  
Dykkar ref.:

Att. Edvin Hammerø

## Søknad om utbetaling av tilskot til istandsetting

Syner til motteken søknad frå 23.08.2018 om utbetaling av tilskot, samt dokumentasjon på diverse utgifter. I søknaden frå 2016 og 2017 er søknadssummen kopla mot tilstandsrapport og pristilbod frå Hardanger fartøyvernssenter, datert oktober 2016. Der står mellom anna: *«Båten er i funksjonsdyktig stand, men dekk, skandekk og karmar er nok så dårlig. Eier/Kystlaget bruker båten aktivt og var senest i sommer en tur til Færøyene. Hardanger fartøyvernssenter anbefaler derfor at båten i første omgang repareres, slik båten fortsatt kan benyttes, i påvente av en totalrestaurering. På den bakgrunn av dette er det laget et kostnadsoverslag på reparasjon av båten.»*

I Hordaland fylkeskommune sitt tildelingsbrev frå 2018 heiter det: *«Med utgangspunkt i ein omfattande tilstandsrapport er det søkt om midlar til ein reparasjon. Vi vil tilrå tiltaket, då dette vil gjer at fartøyet kan nyttast.»*

Vår vurdering er at innsendt dokumentasjon på utgifter ikkje er i samsvar med søknad eller vårt vedtak om tilskot til reparasjon. Vi ber om at tilskotsmottakar ettersend spesifisering av utgifter som er relevante i høve søknad og tildeling. T.d er luftfuktar nemnt i tilstandsvurderinga til fartøyvernssenteret, noko som kan reknast som ei relevant utgift. Den mottekne dokumentasjonen syner elles utgifter på vel 40000,- som stor grad gjeld vanleg vedlikehald, t.d. slippsetting, botnsmørjing, m. v.

Det er og rom for å søkje omdisponering av midlane. Vi vil opplyse om at eventuell rest av tilskotssummen for 2017, samt tilskotssummen for 2018, kan overførast til 2019 etter søknad.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Roald Landøy  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*